

Lang kamp om stenging vert spådd

02.02.2012



Ein av huseigarane langs vegen mellom Beinavikjo og fylkesvegen reagerer på meldinga vår om ei mogeleg stenging med bom som er trukke fram som eit alternativ under kommunen si sakshandsaming, Han påpeikar at alle husa på høgre side i biletet vårt har vegrett nedover gjennom Beinavikjo.

- Dette kan ikkje endrast med eit forslag. Så når de skriv at det truleg vert stengd må de sjekka saka litt meir fyrst. Dette vert ein lang kamp som mange er villige til å bruke ufattelege ressursar på, skriv huseigaren til oss.